

PLANUTVALET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 19.01.2010

Møtetid:

Kl. 15.00 –

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

001/10 - 013/10

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Ove Fagerbakke	Ap
Jostein Blænes	”	Øystein Østervold	Frp
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Julie Solbakken	H		
Kurt Frank	”		

Forfall meldt frå følgjande medl.:	Parti	Følgjande varamedl. møtte
Jane Stangeland		
Renate Møgster Klepsvik		
Kjetil Østervold		
Christian Halstensen		

Møteleiar:	Helge Andre Njåstad
Frå adm. møtte:	Rådmann Rolf Nøstdal, Leiar Osk Lars Erling Horgen og Norunn Storebø som sekretær
Utlevert i møtet:	Sak 005/10 og 013/10 m/vedlegg
Merknader:	Ingen merknader
Innkalling:	Ingen merknader
Diverse.	

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad
Leiar

Jostein Blænes

Øystein Østervold

Julie Solbakken

Kurt Frank

Ove Fagerbakke

Edvard Johannes Stangeland

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
001/10	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE I PLANUTVALET 02.12.2009
002/10	REFERATSAKER
003/10	GNR. 56 BNR. 0011 DRØNEN VEDK. PRIVAT REGULERING. FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN.
004/10	FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR GAUKSHEIM. GNR. 70, BNR. 9 M.FL.
005/10	GNR. 62 BNR. 5 VINNES KLAGE PÅ POLITISK VEDTAK PLA 071/09. NY HANDSAMING GRUNNA BRUK AV FEILE PARAGRAFER
006/10	GNR. 23 BNR. 0020 MØKSTER SØKNAD OM DISPESAJON FRÅ FØRESEGNENE I KOMMUNEPLANEN
007/10	GNR. 23 BNR. 0019 MØKSTER SØKNAD OM DISPENSASJON I MEDHALD AV PLAN-OG BYGNINGSLOVAS § 19, FOR UTLEGGJING AV FLYTEBRYGGJER PÅ MØKSTER
008/10	GNR. 70 BNR. 0012 LUNDØY SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN
009/10	SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE AVGIFTER - BUSTAD PÅ LUNDØY
010/10	GNR. 43 BNR. 0537 STOREBØ. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALBRUKEN - MELLOMBELS BRUKSENDRING
011/10	GNR 05 BNR 0004 KALVANES. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN, LNF-OMRÅDE
012/10	GNR. 03 BNR. 0084 FAGERBAKKE. SØKNAD OM RIVING AV HENGJA
013/10	REGULERINGSPLAN - SØKNAD OM ENDRING AV STOREBØ NÆRINGS- OG FRITIDSHAVN

001/10: GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE I PLANUTVALET 02.12.2009

19.01.2010 PLANUTVALET

PLA-001/10 Vedtak:

Møteboka frå møte i planutvalet 02.12.09 vert godkjent slik ho ligg føre.

002/10: REFERATSAKER

19.01.2010 PLANUTVALET

PLA-002/10 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

003/10: GNR. 56 BNR. 0011 DRØNEN VEDK. PRIVAT REGULERING. FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN.

19.01.2010 PLANUTVALET

PLA-003/10 Vedtak:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan og bygningslova §§ 12-3 og 12-10, at reguleringsforslag for gnr. 56, bnr. 011 Drønen vert sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn.

004/10: FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR GAUKSHEIM. GNR. 70, BNR. 9 M.FL.

19.01.2010 PLANUTVALET

PLA-004/10 Vedtak:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12-10, at reguleringsforslag for Gauksheim , gnr. 70, bnr. 009 med fleire, vert sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn.

005/10: GNR. 62 BNR. 5 VINNES KLAGE PÅ POLITISK VEDTAK PLA 071/09. NY HANDSAMING GRUNNA BRUK AV FEILE PARAGRAFER

19.01.2010 PLANUTVALET

PLA-005/10 Vedtak:

Rådmannen har vurdert klage frå Laila Taraldsen motteke 20.10.09 på politisk vedtak saksnr.071/09 dat. 03.09.09

I medhald av plan og bygningslova §19-2 finn ikkje rådmannen at fordelane med å gje dispensasjon er større enn ulempene i denne saka og avslår derfor søknaden.

Grunngjeving for avslaget: Parsellen ligg i et LNF- område i arealdelen av kommuneplanen, LNF- område og plan og bygningslova §1-8 forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.

Austevoll kommune meiner at område som naustet ligg bør vera open for allmenn ferdsel. Og meiner at ein bruksendring vil føra til at det blir endra.

006/10: GNR. 23 BNR. 0020 MØKSTER SØKNAD OM DISPESAJON FRÅ FØRESEGNENE I KOMMUNEPLANEN

19.01.2010 PLANUTVALET

006/10: GNR. 23 BNR. 0020 MØKSTER SØKNAD OM DISPESAJON FRÅ FØRESEGNENE I KOMMUNEPLANEN

PLA-006/10 Vedtak:

”Det faste utval for plansaker har vurdert søknad om dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanen, på gnr. 23 bnr.20 Møkster.”

Planutavlet meiner at det i dette tilfelle må det seiast å liggje føre den påkravde interesseovervekta for å kunne gje dispensasjon frå føresegna til kommuneplanen § 3.2.4 for gnr. 23 bnr 20 Møkster.

Planutvalet gir samtykke til å oppføra eit naust/næringsbygg med ein grunnflate på 49,6m2 og ein mønehøgde på 6,7 m

007/10: GNR. 23 BNR. 0019 MØKSTER SØKNAD OM DISPENSASJON I MEDHALD AV PLAN-OG BYGNINGSLOVAS § 19, FOR UTLEGGJING AV FLYTEBRYGGJER PÅ MØKSTER

19.01.2010 PLANUTVALET

PLA-007/10 Vedtak:

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon, motteke 25.10.09, om utleggjing av flytebryggjer/ utviding av eksisterande flytebryggje på Møkster, på gnr. 23, bnr. 19. Planutvalet finn at det i denne saka ligg føre særlege grunnar for å gje dispensasjon, og grunnjev dette med at det i dag er for liten plass på Møkster til fortøying/"parkering" av båtar.

I tillegg kjem det at eit slikt tiltak er reversibelt, ved at det enkelt kan fjernast om det seinare kjem i konflikt med kommuneplan/reguleringsplan.

Med bakgrunn i dette finn Plantuvalet å godkjenne denne dispensasjonssøknaden

008/10: GNR. 70 BNR. 0012 LUNDØY SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN

19.01.2010 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak:

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon motteke 16.12.09 som gjeld oppføring av trekai, samt flytebryggje på gnr 70 bnr. 12 i Austevoll og gjev dispensasjon til byggjing av bryggja.

Planutvalet viser til kommuneplanen, skriftlege delen som grunnjevning for å gje dispensasjon til byggjing av den omsøkte bryggja. Det er 3-4 øyar i kommunen som er omtala i kommuneplanen slik at det skal vera lettare å få dispensasjon på Lundøy, Hevrøy, Litlekalsøy og Møkster, enn resten av kommunen. Dette på grunn av at ein vil oppretthalde busetnaden på desse øyane og leggjar tilrett for vekst.

PLA-008/10 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon motteke 16.12.09 som gjeld oppføring av trekai, samt flytebryggje på gnr 7 bnr. 12 i Austevoll og gjev dispensasjon til byggjing av bryggja.

Planutvalet viser til kommuneplanen, skriftlege delen som grunnjevning for å gje dispensasjon til byggjing av den omsøkte bryggja. Det er 3-4 øyar i kommunen som er omtala i kommuneplanen slik at det skal vera lettare å få dispensasjon på Lundøy, Hevrøy, Litlekalsøy og Møkster, enn resten av kommunen. Dette på grunn av at ein vil oppretthalde busetnaden på desse øyane og leggjar tilrett for vekst.

009/10: SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE AVGIFTER - BUSTAD PÅ LUNDØY

19.01.2010 PLANUTVALET

PLA-009/10 Vedtak:

Planutvalet har vurdert klage dat. 18.12.2009 og viser til saksframstillinga og gjev ikkje fritak frå kommunale avgifter for bustad på gnr. 7, bnr. 5 på Lundøy i Austevoll kommune.

**010/10: GNR. 43 BNR. 0537 STOREBØ. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALBRUKEN - MELLOMBELS BRUKSENDRING
19.01.2010 PLANUTVALET**

Handsaming i møtet:

Forslag frå Edvard J Stangeland: Sp

Planutvalet har vurdert søknad om mellombels bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad, og godkjenner i medhald av plan- og bygningslova §88 søknad om endring av tidlegare godkjent løyve. Planutvalet finn det forsvarleg innanfor helsemessige, brann- og byggtkniske hensyn at det kan godkjennast ein mellombels bruksendring. Bruksendringa har ei tidsgrense på 5 år frå 19.01.2010, og skal tilbakeførast til fritidsbustad innan dei 5 åra.

PLA-010/10 Vedtak:

Samrøystes.

Planutvalet har vurdert søknad om mellombels bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad, og godkjenner i medhald av plan- og bygningslova §88 søknad om endring av tidlegare godkjent løyve. Planutvalet finn det forsvarleg innanfor helsemessige, brann- og byggtkniske hensyn at det kan godkjennast ein mellombels bruksendring. Bruksendringa har ei tidsgrense på 5 år frå 19.01.2010, og skal tilbakeførast til fritidsbustad innan dei 5 åra.

**011/10: GNR 05 BNR 0004 KALVANES. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN, LNF-OMRÅDE
19.01.2010 PLANUTVALET**

PLA-011/10 Vedtak:

Det faste utval for plansaker har vurdert søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, LNF-område og plan- og bygningslova § 1-8, forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag motteke 22.10.09 og i medhald av PBL § 19-2 godkjenner planutvalet søknad om dispensasjon for oppføring av naust på gnr 5 bnr 4 Kalvanes.

Planutvalet si positive haldning til søknad om dispensasjon er særleg vektlagt at det tidlegare stod eit naust her, eigeiendomen er ein landbrukseigeiendom som eigarane har lagt ned mykje arbeid i for å setje i stand etter at den har lagt i forfall i 40 – 50 år.

Omsyna til lova vert etter planutvalet si vurdering ikkje vesentleg satt til side i denne saka.

Planutvalet har vektlagt kva konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjengelegheit ein dispensasjon vil gje.

Vedtaket er heimla i arealdelen av kommuneplanen, LNF-område og plan- og bygningslova §19-2.

Gebyr for sakshandsaming må innbetalast, jf rekning som vert ettersendt.

**012/10: GNR. 03 BNR. 0084 FAGERBAKKE. SØKNAD OM RIVING AV HENGJA
19.01.2010 PLANUTVALET**

Handsaming i møtet:

Forslag frå Jostein Blænes Frp:

Planutvalet viser til saka om riving av hengja i Fagerbakkevågen og at den har vært på høyring. Planutvalet vi likevel tilrå løyve til riving då denne hengja har liten verdi sett frå

kommunen si side og at kommunen vurderer bygningen som ei fare for omgjevnadane på grunn av tilstanden. Planutvalet gjer vedtak om å gje løyve til riving.

Planutvalet ber om at rivinga ikkje vert gjort før alle klagefristar av dette vedtak er gått ut.

PLA-012/10 Vedtak:

Samrøystes.

Planutvalet viser til saka om riving av hengja i Fagerbakkevågen og at den har vært på høyring. Planutvalet vi likevel tilrå løyve til riving då denne hengja har liten verdi sett frå kommunen si side og at kommunen vurderer bygningen som ei fare for omgjevnadane på grunn av tilstanden. Planutvalet gjer vedtak om å gje løyve til riving.

Planutvalet ber om at rivinga ikkje vert gjort før alle klagefristar av dette vedtak er gått ut.

**013/10: REGULERINGSPLAN - SØKNAD OM ENDRING AV STOREBØ
NÆRINGS- OG FRITIDSHAVN
19.01.2010 PLANUTVALET**

PLA-013/10 Vedtak:

Utval for plan og byggesak har vurdert søknad dt 15.01.2010 frå Austevoll Fiskeindustri AS, om løyve til oppstart planarbeide med føremål å endre reguleringsplanen for Storebø nærings- og fritidshamn. Utvalet godkjenner i medhald av pbl § 12-8, at det vert sett i gang arbeid med dette føremålet i området H-03, N-08 og I/L-03 samt hamneområde i sjø. Oppstarten skal varslast på vanleg møte av søkjar.

Rett utskrift

Norunn Storebø

